
PLANPROGRAM

Detaljregulering for postsmoltanlegg 68/7 mfl., Skålevik, PlanID 202007

OPPDRAKSGJEVAR
Bremnes Fryseri AS

EMNE
Planprogram, KU

DATO / REVISJON: 7. januar 2021 / 00
DOKUMENTKODE: 10221436-01-PLAN-PBL-002



Multiconsult

Denne rapporten er utarbeidet av Multiconsult i egen regi eller på oppdrag fra kunde. Kundens rettigheter til rapporten er regulert i oppdragsavtalen. Hvis kunden i samsvar med oppdragsavtalen gir tredjepart tilgang til rapporten, har ikke tredjepart andre eller større rettigheter enn det han kan utlede fra kunden. Multiconsult har intet ansvar dersom rapporten eller deler av denne brukes til andre formål, på annen måte eller av andre enn det Multiconsult skriftlig har avtalt eller samtykket til. Deler av rapportens innhold er i tillegg beskyttet av opphavsrett. Kopiering, distribusjon, endring, bearbeidelse eller annen bruk av rapporten kan ikke skje uten avtale med Multiconsult eller eventuell annen opphavsrettshaver.

RAPPORT

OPPDRAG	Detaljregulering for postsmoltanlegg 68/7 mfl., Skålevik, PlanID202007	DOKUMENTKODE	10221436-01-PLAN-PBL-002
EMNE	Planprogram, KU	TILGJENGE	Open
OPPDRAGSGJEVAR	Bremnes Fryseri AS	OPPDRAGSLEIAR	Sarah Fagertun Eggereide
KONTAKTPERSON	Andreas Moe Larsen	UTARBEIDD AV	Bernhard Endseth Nerland
KOORDINATAR	SONE: 32 ØST: 281509 NORD: 6642847	ANSVARLEG EINING	10233052 Akva og Plan Vest - Stord
GNR./BNR./SNR.	68 / 7 / M.FL. / Bømlo		

SAMANDRAG

Det vert lagt fram planprogram for utviding/oppgradering av landbasert oppdrettsanlegg ved Skålevik på Goddo, Bømlo kommune. Forslagsstillar er Bremnes Fryseri AS.

Planprogrammet gjev rammer for gjennomføring av planarbeidet og tilhøyrande konsekvensutgreiingar.

Det skal utførast konsekvensutgreiing for følgjande tema:

- Landskap (inkl. strandsone)
- Friluftsliv
- Naturmangfald
- Naturressursar (inkl. landbruk)
- Kulturminne og kulturmiljø

Andre viktige og sentrale tema vert omtalt i planomtalen.

00	21.12.20	Planprogram	BERN	SFE	KUNDE
REV.	DATO	BESKRIVELSE	UTARBEIDD AV	KONTROLLERT AV	GODKJENT AV

INNHALD

1	Innleiing.....	5
1.1	Føremål med planarbeidet	5
1.2	Planprogram	5
2	Områdeskildring – Eksisterande situasjon	5
2.1	Planområdet	6
2.1.1	Plangrense	7
2.2	Naturmangfald	8
2.3	Kulturminne og kulturmiljø	8
2.4	Naturressursar	8
2.5	Friluftsliv	8
2.6	Landskap	9
3	Målet for planarbeidet.....	9
4	Rammer og føringar.....	10
4.1	Nasjonale og regionale planar og føringar	10
4.2	Kommunale planar.....	10
4.2.1	Kommuneplan for Bømlo 2013-2025.....	10
4.2.2	Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2016-2022.....	11
4.2.3	Landbruksplan for Bømlo	11
4.2.4	Hovudplan vatn og avløp 2016-2045	11
4.2.5	Strategisk næringsplan 2011-2015	11
4.2.6	Norm for kommunale vegar i Bømlo kommune	11
4.2.7	Kommunedelplan for kulturminne 2020-2032	11
5	Planprosess.....	12
5.1	Planprogram	12
5.2	Reguleringsplan med konsekvensutgreiing	12
5.3	Deltaking og organisering i planarbeidet	12
5.4	Informasjon og medverknad i planprosessar.....	12
5.4.1	Opplegg for medverknad	12
5.5	Førebels framdriftsplan	13
6	Alternativskildring	13
6.1	Referansealternativet (0-alternativet)	13
6.2	Planforslaget	13
7	Tema for utgreiing	14
7.1	Utsiling av KU-tema	14
7.2	Metodikk.....	15
7.3	Skildring av KU-tema og utgreiingsbehov	15
7.4	Risiko og sårbarheit (ROS).....	18
7.5	Andre tema for omtale i planomtalen	19
7.5.1	Transport og trafikktryggleik – land og sjø.....	19
7.5.2	Forureining.....	19
7.5.3	Vatn- og avløp.....	19
7.5.4	Kraftforsyning	19
8	Vedlegg.....	20

1 Innleiing

1.1 Føremål med planarbeidet

Bremnes Fryseri AS vil fremje reguleringsplan for landbasert oppdrettsanlegg for laks i Skålevik, Bømlo kommune. Bremnes Fryseri AS sitt datterselskap Bremnes Seashore AS driv allereie eit eksisterande anlegg i det aktuelle området, og planen legg opp til å oppgradere og utvide dette. Utviding av anlegget legg til rette for at ein kan produsere meir og større fisk på land. Akvakulturtiltak er konsesjonspliktige, og det er planlagt å søkje om årleg konsesjon på 8000 tonn post-smolt til snittvekt på 1,0-1,5 kg. Produksjonen ved eksisterande oppdrettsanlegg er på om lag 1 million smolt til ein storleik på 120 gram.

Eksisterande oppdrettsanlegg i Skålevik baserer seg på utandørs fiskekar, nokre til dels opne, og gjennomstrøyming av vatn. Moderne oppdrettsanlegg vert i dag bygd inn i hallar. Dette vert gjort av produksjonstekniske grunnar, men vil òg medføre mindre sjenanse frå anlegget til omgjevnadane. Bygningsmassen vil truleg bli inndelt i fleire bygningskroppar, mellom anna av smittehygieniske årsaker. Anlegget skal byggast med moderne RAS- teknologi, dvs. at mellom 95 % og 99,5 % av vatnet vert resirkulert i anlegget.

1.2 Planprogram

Eit planprogram er ein plan for planlegginga, og skal verte utarbeidd for reguleringsplanar med krav om konsekvensutgreiing (KU). For dette planarbeidet er det *forskrift om konsekvensutredningar § 6*, bokstav b som vert gjeldande, kor det vert stilt krav om konsekvensutgreiing for tiltak som er skildra i vedlegg I til forskrifta. § 6, bokstav b, opnar for unntak frå konsekvensutgreiing dersom det konkrete tiltaket tidlegare har vore konsekvensutgreidd i annan plan, som t.d. overordna plan, men dette tiltaket har ikkje tidlegare vore utgreidd. Under forskrifta sitt vedlegg I er det punkt nummer 24 som utløyser krav til konsekvensutgreiing, då det er venta at tiltaket vil medføre næringsbygg med meir enn 15000 m² samla bruksareal.


Planprogrammet gjev rammer for gjennomføringa av detaljreguleringsplanen med konsekvensutgreiing, og skal gjere greie for føremålet med planarbeidet, planprosessen med fristar, deltakarar og opplegg for medverknad. Tilhøve som skal opplysast om og utgreiast i planarbeidet går fram av planprogrammet.

Metodikk som vert nytta i utgreiinga for å skaffe naudsynt og vedtaksrelevant kunnskap er omtalt i dette dokumentet. Planprogrammet legg òg premissar for korleis planarbeidet skal verte gjennomført, og skildrar planprosessen fram til vedteken plan.

2 Områdeskildring – Eksisterande situasjon

Skålevik ligg nord i Bømlo kommune, på øya Goddo. Goddo er den største landfaste øya i kommunen, og vestsida av øya ligg ut mot Nordsjøen med blankskurte fjellparti, høge svaberg, øyar, holmar og skjer. Øya har fleire kilometer med turstiar, og er eit populært mål for både turgåarar og båtturistar. Frå kommunesenteret Svortland er det om lag 9 km i luftlinje til dagens oppdrettsanlegg. Per 2020 var det registrert 137 personar busett i Goddo grunnkrins.

Skålevik ligg nord på Goddo, ut mot det delvis innelukka bassenget Kassosen. Skålevik har tilkomst via Goddevegen (Fv. 5004) og Katlavegen.



Figur 2-1. Skålevik ligg på nordvestsida av Goddo, nord i Bømlo kommune.

2.1 Planområdet

Planområdet ligg mot Kassosen, og dagens arealbruk i området er i hovudsak samansett av eksisterande settefiskanlegg, landbruksareal, fritidsbustadar, naust og skog/utmark.

Det føreligg ikkje eksisterande reguleringsplanar i området. Nærmaste reguleringsplan er knytt til Fv. 5004 – Goddovegen i aust. Gjeldande arealdel til kommuneplan for Bømlo kommune 2013-2025 viser dei aktuelle områda innanfor føreslått varslingsgrense med arealføremål LNFR-spreidde bustader, reint LNFR- føremål, naustføremål, fritidsbusetnad og næringsbygningar (settefiskanlegg/fiskeoppdrett). Sjøområda i planområdet har arealføremål noverande akvakultur (AK) og noverande bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone, samt naustføremål.



Figur 2-2. Utsnitt frå gjeldande KPA for Bømlo kommune som syner planområdet (svart linje) og nærliggjande område. Kjelde: kommunekart.com.

2.1.1 Plangrense

Planområdet er på om lag 73 daa, kor om lag 14,5 daa er sjøareal.

I planprogrammet og ved varsel om oppstart av planarbeid vert det varsla med eit større område enn det som ein antek vert faktisk grense for planforslaget.

Om lag 14,5 daa av planområdet er sjøareal, og heile det eksisterande akvakulturområdet i sjø er inkludert, sjå Figur 2-2. Det er ynskjeleg sjå dette arealet i samanheng med utbygginga.

Vest i planområdet er det inkludert to fritidsbustadtomter med kringliggjande utmark/berg. Dette er gjort primært for å syte for nok areal mot sjø i nord, dvs. nordvest for dagens SF, og for å få ei «rein» grenselinje mot vest.

Areal mot aust er inkludert for eit ev. framtidig neste byggjetrinn/utviding, samt som buffersone mot busetnaden nordaust for planområdet.

Arealet som er inkludert på sørsida av Katlavegen er teke med for å syte for areal for ev. endring av tilkomst/avkøyrsløse til anlegget, ev. utviding av kommunal veg, samt for å inkludere dammen i Skålevikvatnet og ev. framtidig areal naudsynt for tekniske bygg/anlegg, som t.d. pumpestasjon.

Følgjande eigedomar ligg heilt eller delvis innanfor planområdet; 68/1, 3, 4-5, 6, 7, 8, 9, 10, 69/1, 3, 4, 6, 9 og 10.

Bremnes Fryseri AS har kjøpt fleire eigedomar aust for dagens settefiskanlegg. Fryseriet eig 68/1 (del på nordsida av Katlavegen), 3, 4-5, 6, 7, 8, 9 og 69/4. Den planlagde utbygginga vil i all hovudsak gå føre seg på eigedomar som per i dag er i eige av Bremnes Fryseri.



Figur 2-3. Kart over planområdet. Plangrense er synt med svartstipla linje.

2.2 Naturmangfald

Det er kjent at det tidvis vert observert raudlista fugleartar i og kring sjøområda i planområdet/Kassosen. Det er òg registrert økologisk funksjonsområde/leveområde for nokre av desse artane i området. Det er vanleg å gjere slike funn ved settefiskanlegg, på grunn av utslepp av organisk materiale.

Kjente databasar viser òg andre registreringar i området, noko som i stor grad er grunna MOM-B og MOM-C undersøkingar knytt til eksisterande anlegg.

Det er ikkje registrert særskilde naturtypar innanfor eller i direkte tilknytning til planområdet. Det er registrert to område med den marine naturtypen «Blautbotnsområde» av lokal viktig verdi nordvest for området, mellom Utslættøya og Skorene, samt mellom Utslættøya og Ylvesøya. Det er tre område med den marine naturtypen «Skjellsand» mellom Høgeholmen/Jonsholmen, Utslættøya og Ylvesøya. Desse er klassifisert som viktige.

Det er ikkje registrert gytefelt eller oppvekstområde for fisk i sjøområda utanfor Skålavika. Kassosen er ein del av vassførekomsten Selsfjorden, som i følgje Vann-nett har god økologisk og kjemisk tilstand. Det skal vera ein bestand av aure tilknytt Skålevikvatnet. Skålevikvatnet har god økologisk og kjemisk tilstand.

2.3 Kulturminne og kulturmiljø

Det er i følgje kulturminnesøk.no ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø i det aktuelle området. Dei næraste kulturminna ligg i tilknytning til Brandasundvegen nordaust for planområdet.

2.4 Naturressursar

Det er lite aktivt landbruksareal innanfor planområdet. For dei små og få areala som er registrert vert det slått gras berre eitt og anna år utan noko form for gjødsling. Arealet ber preg av at det held på å gro att. Det er ikkje registrert at området eller nærområdet vert nytta til utmarksbeite i noko særleg grad. Det er i dag beiting av sau på deler av nærområdet til Skålevik.

Noko areal innanfor planområdet vert definert som skog, men dette er stort sett uproduktiv skog med impediment som bonitet. Alderen på skogen i området er relativt låg, om lag 30 år.

I følgje NGU er lausmassetypen i området «bart fjell». Denne typen vert nytta om område kor det stort sett manglar lausmassar, og meir enn 50 % av arealet er berg/fjell i dagen. Berggrunnen i området er primært samansett av granodioritt (Rolvnesgranodioritten). Det er ikkje registrert førekomstar eller prospekt av grus- eller pukkressursar (byggjeråstoff), industrimineralar, naturstein eller metall i eller i nærleiken av planområdet.

Settefiskanlegget i Skålevik har uttak av ferskvatn frå Skålevikvatnet. Dette vatnet dekkjer både trong for ferskvatn i produksjonen, samt til sanitæranlegg på anlegget. Skålevikvatnet er ikkje kommunal drikkevasskjelde.

Det er ikkje registrert gytefelt eller oppvekstområde for fisk i sjøområda utanfor Skålavika. Det er heller ikkje registrert skjelførekomst, fiskeplassar for aktive eller passive reiskap, eller rekefelt.

2.5 Friluftsliv

Skålavika ligg innanfor det kartlagde friluftsområdet «Goddosen»; eit område med strandsone inkl. sjø og vassdrag. Friluftsområdet har C-verdi («registrert»), dvs. den lågaste verdiklassen i kartlegginga.

2.6 Landskap

Nordre Bømlø ligg i landskapsregionen «Kystbygdene på Vestlandet».

Området nord for Katlavegen ligg i landskapsområdet «Kassosen-Ylvesøyvågen», og har verdi 4. Landskapstype er «Våg- og smalsundlandskap».

Området sør for Katlavegen ligg i landskapsområdet «Goddo», og har verdi 3. Landskapstype er «Kystheiene», og er heilskapleg med kystlynghei.

3 Målet for planarbeidet

Målet for planarbeidet er å leggje til rette for meir og større landbasert produksjon av laks, og dermed bidra til auka matproduksjon basert på miljøvenlege og berekraftige produksjonsmetodar.

Oppdrettsnæringa er i dag den nest største eksportnæringa i Noreg, etter olje- og gassnæringa. Regjeringa har gjennom fleire stortingsmeldingar signalisert ambisjonar om femdobling av lakseproduksjonen innan 2050. Ei slik auke vil med stort sannsyn skje både i sjø, på land og med ulike typar av produksjonsutstyr (lukka merdar, havgåande merdar etc.)

Produksjon på land gir betre høve til å kontrollere ein del av oppdrettstilhøva, samanlikna med produksjon i sjø. Det er dermed mogleg å redusere problem med til dømes algeoppblomstring, lakselus og kjende sjukdomar som det i dag er knytt store kostnader til, t.d. PD (pankreassjukdom) ILA (infeksiøs lakseanemi) og AGD (amøbegjellesjukdom). Landbasert oppdrett vil òg gi betre kontroll med omsyn til å unngå fiskerømming. Samstundes er det andre utfordringar knytt til landbasert oppdrett, som til dømes større areal- og energibehov samanlikna med produksjon i sjø.

Bremnes Fryseri ynskjer å leggje til rette for at ein større del av produksjonstida for fisken skal vera på land, for å dra nytte av fordelane som det gir med tanke på mellom anna sjukdom- og luseproblematikk.

Tiltaket vil bidra til ei auke i verdiskaping i kommunen. Dagens anlegg har 3 faste arbeidsplassar, og ein går ut i frå at eit ferdig utbygd anlegg med produksjon på 8000 tonn post-smolt per år vil kunne ha trong for 15-20 faste tilsette, kanskje enno fleire. Ei utbygging vil medføre store investeringar med høg aktivitet i ein byggje- og anleggsfase. Når nytt anlegg kjem i drift vil dette erfaringsmessig medføre positive ringverknadar for service- og tenesteytande næringsverksemdar lokalt.

4 Rammer og føringar

4.1 Nasjonale og regionale planar og føringar

- Stortingsmelding nr. 10 (2015-2016) «En konkurransedyktig sjømatindustri»
- Stortingsmelding nr. 14 (2015-2016) «Natur for livet – norsk handlingsplan for naturmangfold»
- Stortingsmelding nr. 16 (2014-2015) «Forutsigbar og miljømessig berekraftig vekst i norsk lakse- og ørretoppdrett»
- Forslag til produksjonsområder i norsk lakse- og ørretoppdrett, Havforskningsinstituttet 2015
- Retningslinjer for handsaming av støy i arealplanlegginga (T-1442 og TA-2115/2005)
- Akvakulturlova
- Verneplan for vassdrag
- Forskrift om konsekvensutgreiing for planar etter plan- og bygningslova (2014, rev. 2018)
- Rettleiar til konsekvensutgreiingar for klima og miljø (2020)
- Naturmangfaldlova
- Utviklingsplan for Vestland 2020-2024
- Regional næringsplan for Hordaland 2013-2017 «Næring til fortrinn»
- Regional plan for klima og energi 2014-2030
- Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022
- Regional plan for folkehelse 2014-2025 «Fleire gode leveår for alle»
- Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger (2017)
- Regional plan for vassregion Hordland 2016-2021
- Regional plan for idretts, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland 2016-2020
- FylkesROS for Hordaland (2015)

4.2 Kommunale planar

4.2.1 *Kommuneplan for Bømlo 2013-2025*

Arealet innanfor planområdet er i gjeldande KPA disponert til formåla «LNFR», «spreidd busetnad», «fritidsbusetnad», «næringsbygningar», «andre typar bygningar og anlegg», «akvakultur», «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone» og «drikkevatt».

Omsynssone H110_2 «Drikkevasskjelde og settefiskanlegg» kjem innanfor plangrensa i søre del av planområdet.

I planomtalen til gjeldande arealdel er det sett opp ei liste over kva kommunen ynskjer å prioritere, og sikring av tilstrekkeleg næringsareal er eitt av punkta på denne lista.

Våren 2020 vart det sett i gong revisjon av kommuneplanen sin arealdel, og forslag til planprogram var på høyring og offentleg ettersyn i perioden 30.06.2020 til 07.09.2020. Det står i planprogrammet at næringsaktivitet må ha prioritet, og ha tilgang på tilstrekkeleg eigna areal. Det vert presisert at Bømlo er ein sjøorientert øykommune, der næring ved sjøen er ønska. Det står vidare i

planprogrammet at det skal planleggjast for akvakultur, med tilstrekkelege areal både på land og i sjø for å vidareutvikle dagens næring på ein berekraftig måte.

4.2.2 Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2016-2022

Planen er vedteke 02.05.2016, og legg vekt på å sikre ei styrt utvikling innan idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv i kommunen. For dette planforslaget er kommunedelplanen sitt innhald med omsyn til friluftsliv mest aktuelt. Ein av målsetnadane i planen er m.a.: *Iverksetjing av tiltak som fremjar fysisk aktivitet retta mot alle, men særleg inaktive, eldre menneske med funksjonshemmingar.*

Tiltak for dette er i følge planen å gjere naturområda meir tilgjengelege med tilretteleggingstiltak som å etablere kommunale parkeringsplassar nær friluftsområda, samt utbetre sanitærtilhøve og etablere rullestolrampar mv.

4.2.3 Landbruksplan for Bømlo

Planen er vedteke 29.10.2007. Måla med planen er at landbruksnæringa på Bømlo må sikrast langsiktige rammevilkår som sikrar bøndene gode levekår. Landbruket må drivast miljømessig og innehalde eit mangfald av produksjonar, og det må leggast vekt på å ivareta kulturlandskapet. Vidare skal det leggast vekt på å ta i bruk alle ressursar på gardane for å skape tilleggsnæringar til tradisjonelt landbruk.

4.2.4 Hovudplan vatn og avløp 2016-2045

Hovudplanen skal vera styrande for utarbeiding av årlege handlingsplanar, og skal reviderast kvart 4. år.

Det er ikkje offentleg vatn og avløp i det aktuelle området i dag, men hovudplanen legg opp til at nordre del av Godda skal koplast på eksisterande leidningsnett. BVA (Bømlo Vatn og Avløp) planlegg utbygging av dette rundt 2032.

4.2.5 Strategisk næringsplan 2011-2015

Havbruksnæringa er viktig for Bømlo kommune, og har ein stor rolle i den strategiske næringsplanen. Det er eit mål i planen at havbruksnæringa skal ha ei berekraftig utvikling. Næringsareal til den landbaserte drifta må utviklast på ein god måte med høvelege vegsamband og annan infrastruktur.

4.2.6 Norm for kommunale vegar i Bømlo kommune

Vegnorma for Bømlo kommune vart vedteke 03.12.2018, og gjeld for alle kommunale vegar, samt planlegging, prosjektering og utforming mv. av vegar som kan enda opp som framtidig kommunal veg.

Katlavegen er ein kommunal veg, og planforslaget skal syte for at vegen som ligg innanfor plangrensa, samt avkøyrsløp tilknytt denne, vert planlagt i samband med vegnorma.

4.2.7 Kommunedelplan for kulturminne 2020-2032

Bømlo kommune har nyleg hatt eit utkast for kommunedelplan for kulturminne på høyring (juni-september 2020). Ved å samla informasjon om kulturminne i kommunen, evaluera og prioritera desse, skal kulturminneplanen bidra til at dei viktigaste kulturminna i Bømlo vert teke vare på og gjort kjende. Planen skal syne kva for kulturminne som er viktigast i Bømlo, og korleis desse skal forvalta/ivareta.

5 Planprosess

I Bømlo kommune skal alle planar prinsippgodkjennast etter oppstartsmøte med kommuneadministrasjonen, dvs. handsamast politisk om det vert tilrådd at ein går vidare med eit planarbeid.

5.1 Planprogram

Eit planprogram skildrar korleis planarbeidet skal verte gjennomført, og kva for utgreiingar som må gjerast.

Planprogrammet vert lagt fram for kommunen, for så å sendast ut på høyring. Føremålet med høyringa er å skape ev. offentleg debatt og medverknad. Planprogrammet vert fastsett etter høyringa, og er då førande for det vidare planarbeid og konsekvensutgreiing (KU).

5.2 Reguleringsplan med konsekvensutgreiing

Det skal utarbeidast ein detaljreguleringsplan med konsekvensutgreiing (KU) i samsvar med plan- og bygningslova. Reguleringsplanen skal syne arealbruken for planområdet og gjev grunnlag for utbygging. Forslag til reguleringsplan med KU vert sendt på høyring, og vert lagt fram for vedtak etter denne høyringa.



Figur 5-1. Forenkla oversikt over planprosessen.

5.3 Deltaking og organisering i planarbeidet

Bremnes Fryseri AS er prosjekteigar og forslagsstillar for planen. Multiconsult Norge AS er ansvarleg for å utarbeide planforslaget. Bømlo kommune er planmynde og skal fastsetje planprogram og handsame planen etter plan- og bygningslova.

5.4 Informasjon og medverknad i planprosessar

Formell oppstart av planarbeidet skal varslast saman med høyring av planprogrammet. Oppstart vert varsla i Bømlo-nytt og på Bømlo kommune sin nettstad.

Bremnes Fryseri vil ha ein open prosess med god informasjon om planarbeidet, slik at alle partar har ei god forståing av kva planforslaget omhandlar og medfører, og kva for konsekvensar det gjev. Det er ynskeleg å oppnå god lokal medverknad. Aktuelle grunneigarar vil få eige brev i samband med varsel om oppstart. Vidare vert ulike interesselag invitert til å kome med innspel og kommentarar, som t.d. Goddo grendalag. Forslag til planprogram vert sendt på høyring til regionale fagmynde og andre offentlege høyringsinstansar.

5.4.1 Opplegg for medverknad

Utover det som er krav til medverknad i plan- og bygningslova vert det vurdert om ein skal halda eit eller fleire lokale informasjonsmøte på Goddo for å informera om planane, men det vert teke atterhald om endringar/restriksjonar som følgje den pågåande korona-pandemien og smittvernomsyn knytt til dette.

5.5 Førebels framdriftsplan

Milepålar	Dato
Varsle oppstart av planarbeid og høyring av planprogram	februar/mars 2021
Fastsetting av planprogram	april 2021
1. gangs handsaming med høyring og offentleg ettersyn av planforslag med KU	sumar/haust 2021
2. gangs handsaming og vedtak av planforslag med KU	haust 2021/vinter 2022

6 Alternativskildring

6.1 Referansealternativet (0-alternativet)

Referansealternativet for planen er dagens situasjon, dvs. området sin noverande fysiske tilstand og planstatus. Det vil seie at området ikkje vert vidare bygd ut og at dagens drift/bruk vert oppretthaldt. Dagens situasjon vil vera samanlikningsgrunnlag for konsekvensutgreiinga og for tema i planomtalen som handlar om verknadar av planforslaget.

6.2 Planforslaget

Konsekvensutgreiinga vil greie ut eitt alternativ. Alternativet vil syne ei utviding av dagens næringsområde med dei arealkrava som kjem med høgare produksjon, meir byggmasse og infrastruktur. Forslaget vil òg syne tilkomst til anlegget via veg og sjø.

Framtidig anlegg vil verte forsynt med vatn frå Skålevikvatnet. Dagens produksjon er basert på gjennomstrøyming, men framtidig produksjon vert basert på RAS-teknologi (resirkulering av vatn). Mellom 95 % og 99,5 % av vatnet vert resirkulert ved bruk av RAS-anlegg, og vassmengda som vert naudsynt for produksjonen vert difor mindre enn i dag.

Eit landbasert oppdrettsanlegg er arealkrevjande, og har ofte eit stor fysisk fotavtrykk. Framtidig anlegg vil m.a. vera samansett av tankar/kar som er innebygd i store hallar. Byggehøgde er normalt mellom 15 og 20 meter. Tiltaket vert nærare skildra i planforslaget og konsekvensutgreiinga.

7 Tema for utgreiing

I følgje KU-forskrifta § 17 skal tema som vert omtala vera avgjerdsrelevante;

«Konsekvensutredningens innhold og omfang skal tilpasses den aktuelle planen eller tiltaket, og være relevant for de beslutninger som skal tas.» Som avgjerdsrelevant vert det meint konsekvensar som er avgjerande for om tiltaket kan tillast å verte gjennomført.

I planinitiativet vart temaa *naturmangfald, kulturminne og kulturmiljø, naturressursar (inkl. landbruk), friluftsliv og landskap* lagt fram som aktuelle for utgreiing. Ut frå referat frå oppstartsmøte vert fleire andre tema vektlagt som viktige, men desse vert omtalt i planomtalen som for ein reguleringsplan utan KU. Kva som inngår i temaa og korleis dei vert utgreidd går fram av dei påfølgjande underkapitla.

Hovudformålet med konsekvensutgreiinga er å klarleggje og synleggjera konsekvensane av føreslått løysing opp mot referansealternativet før avgjerda om igangsetting av prosjektet vert fatta.

7.1 Utsiling av KU-tema

I referat for oppstartsmøte med Bømlo kommune 23.10.2020 vart samlege tema under punktet «Viktige tema for utgreiing i planarbeidet» huka av utan at det vert tolka at det er meint at alle desse temaa skal vera del av ein KU.

KU-forskrifta § 21 er nytta for å vurdere kva slags tema som bør takast med i utgreiinga, saman med forslag til tema frå planinitiativet. Oversikt over aktuelle tema for KU etter forskrifta og SVV si handbok V712 er synt i tabellen under. Under kolonna for vurdering er det skildra/kommentert om tema er aktuelt, kva tilhøve som er viktige, og om det skal/bør omtalast i ein KU eller i planomtalen.

Tema som ikkje skal konsekvensutgreiast vert omtala i planomtalen og/eller ROS-analysen til planforslaget.

Tabell 7-1. Tema som vert vurdert som vesentlege for miljø og samfunn, jf. KU-forskrifta § 21.

Tema	Tema i Handbok V712	Vurdering
Naturmangfald	Naturmangfald	KU- tema, i hovudsak naturmangfald direkte eller indirekte knytt til sjø.
Økosystemtenester	Fleire	Del av KU-temaa naturressursar/naturmangfald.
Nasjonale og internasjonalt fastsette miljømål	Naturmangfald	Vert omtala i planomtalen.
Kulturminne og kulturmiljø	Kulturarv	KU-tema.
Friluftsliv	Friluftsliv og bygdeliv	KU-tema.
Landskap	Landskapsbilde	KU-tema. Tiltaket vil påverke landskapet visuelt. Strandsone vert endra.
Forureining (støy- og luftforureining mv.)	Friluftsliv og bygdeliv	Vert omtala i planomtalen.

Vassmiljø	Naturmangfald	Del av KU-tema naturmangfald. Det vil vera noko utslepp frå oppdrettsanlegget.
Sikring av jordressursar	Naturressursar	KU-tema. Området har litt dyrka mark. Vern av matjord er eit viktig tema.
Samisk natur- og kulturgrunnlag		Ikkje relevant.
Transportbehov, energiforbruk og energiløysingar		Vert omtala i planomtalen.
Beredskap- og ulykkesrisiko		Vert omtala i planomtalen/ROS-analyse.
Moglege truslar som følgje av klimaendring (risiko for havnivåstigning, stormflo, skred, flaum mv.)		Vert omtala i planomtalen/ROS-analyse.
Folkehelse	Friluftsliv og bygdeliv	Vert omtala i KU-tema for friluftsliv og i planomtalen.
Tilgjenge til uteområde og gang- og sykkelvegnett	Friluftsliv og bygdeliv	Vert omtala i planomtalen.
Barn og unges oppvekstvilkår	Friluftsliv og bygdeliv	Vert omtala i planomtalen.
Kriminalitetsførebygging		Vert omtala i planomtalen.
Arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet	Landskapsbilde	Del av KU-tema landskap. Bygg vil ha store dimensjonar som skil seg frå andre bygg i området. Næringsbygg og estetikk er et relevant tema.

7.2 Metodikk

Som utgangspunkt for konsekvensutgreiinga skal metoden skildra i SVV si handbok V712 *Konsekvensanalyser*, for ikkje-prisette konsekvensar, nyttast. Dette er ein kvalitativ analysemetode som skal sikre ein fagleg, systematisk og heilskapleg analyse av dei konsekvensane tiltaket vil medføra for fagtemaa som er definert.

For tema naturmangfald er det òg aktuelt å nytte seg av ny digital rettleiar for konsekvensutgreiingar for klima og miljø som vart lansert av Miljødirektoratet 14. desember 2020 (<https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/arealplanlegging/konsekvensutredninger/>).

Det vert ikkje utarbeidd samfunnsøkonomisk analyse for prosjektet.

7.3 Skildring av KU-tema og utgreiingsbehov

Under følgjer skildringar av temaa som skal konsekvensutgreiast som del av planarbeidet, ref. Tabell 7-1. Det er teke utgangspunkt i tema frå SVV si handbok V712.

For kvart eit tema er det definert kva temaet omhandlar, samt kva som skal utgreiast og kva for ein metode som skal nyttast. Vidare er det kort oppsummert kor ein kan finne eksisterande kunnskap om temaet. Metode vert nærare skildra i sjølve utgreiinga.

Tabell 7-2. KU-tema for denne planen med temaskildring mv.

Tema	Definisjon av tema	Utgreiingsbehov/ metode	Eksisterande materiale/ kunnskap
Landskap inkl. strandsone	<p>Temaet landskap tek for seg dei særeigne fysiske trekka i eit (natur)geografisk område, men òg korleis desse vert opplevd visuelt (landskapsbilete). Landskapsbilete omhandlar eit område sine visuelle særpreg eller (stads)karakter, og tek for seg dei romlege og visuelle opplevingane av omgjevnadane.</p> <p>Temaet tek utgangspunkt i dei karakteristiske landskapstrekk og verdiane i plan- og influensområdet, og vurderer korleis tiltaket styrkar eller svekker landskapskarakteren i området.</p> <p>Temaet tek for seg korleis tiltaket er tilpassa landskapet sett frå omgjevnadane.</p> <p>Strandsone med tilhøyrande sjø og vassdrag: Område langs kyst, innsjøar og vassdrag med rom for allment friluftsliv. Område på sjøen og øyer, strandsoner eller skjergard.</p>	<p>Landskapet i planområdet skal skildrast, og viktige naturlege og menneskeskapte element som skal inngå er landform/terrengform, strandsone, vegetasjon, vatn og vassdrag, busetnad, veg, kraftlinjer, utsiktspunkt og andre eigenskapar som uttrykker karakteren til landskapet.</p> <p>Tiltaket si lokalisering i landskapsrommet og terrengtilpassing med omsyn til synlegheit skal utgreiast.</p> <p>Det skal seiast noko om arkitektonisk og estetisk utforming, uttrykk og kvalitet.</p> <p>Kjente registreringar og databasar og supplerast med egne synfaringar.</p> <p>Vurderingar av påverknad med utgangspunkt i metoden frå SVV handbok V712.</p> <p>Konsekvensar av utbygginga må vurderast med tanke på verdien av eksisterande strandsone og tilgjenge for ålmenta.</p>	<p>www.kilden.nibio.no (landskapsregionar)</p> <p>www.fylkesatlas.no (landskap, landskapsregionar og landskapstypar)</p> <p>Verdivurdering av landskap i Hordaland fylke - Med utgangspunkt i Nasjonalt referansesystem for landskap (Aurland Naturverkstad, 2011)</p> <p>Handbok V712 Konsekvensutredning</p> <p>Kommuneplanar</p> <p>Det vert teke utgangspunkt i kjend kunnskap og metodikk knytt til funksjonell strandsone, hellingsgrad og tilgjenge mm.</p> <p>SSB si kartteneste med strandsonedata</p>
Friluftsliv	<p>Friluftsliv vert definert som opphald og fysisk aktivitet i</p>	<p>Tiltaket sin påverknad skal utgreiast for:</p>	<p>www.fylkesatlas.no (friluftsliv og tilgjengelegheit)</p>

	<p>friluft i fritida med sikte på miljøforandring og naturopplevingar.</p> <p>Tema friluftsliv tek for seg tiltaket sine verknadar for brukarane av utredningsområdet. Alle område som har betydning for ålmenta sin moglegheit til å drive friluftsliv som helsefremjande og trivselsskapande aktivitet i nærmiljøet eller naturen elles, omfattast av temaet.</p> <p>Det kan verte aktuelt å inkludera «bygdeliv» i temaet.</p>	<p>Frilufts- og turområde.</p> <p>Bruken av areal som er ålment tilgjengelege.</p> <p>Barn og unges interesser.</p> <p>Universell utforming.</p> <p>Samanbindingslinjer for mjuke trafikantar/barrierar.</p> <p>Påverknad frå tiltaket for tema støy og lys.</p> <p>Metode:</p> <p>Kartlegging av aktuelle område ved synfaring.</p> <p>Samle informasjon via medverknad og innspel til planen.</p> <p>Kontakt med kommunen.</p> <p>Vurderingar av påverknad med utgangspunkt i metodikk i handbok V712.</p>	<p>www.ut.no</p> <p>Regional plan for idretts, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland 2016-2020</p> <p>Regional plan for folkehelse 2014-2025 «Fleire gode leveår for alle»</p> <p>Kommuneplanar</p> <p>Lokal friluftslivskartlegging/lokale turlag</p>
Naturmangfald	<p>Temaet omhandlar naturmangfald knytt til terrestriske (landjorda), limniske (ferskvatn) og marine (brakkvatn og saltvatn) system, inkludert livsvilkår (vassmiljø, jordmiljø) knytt til desse.</p> <p>Skildring av den noverande tilstanden, jamfør KU-forskrifta § 20, inngår i dette temaet.</p>	<p>Tiltakets påverknad skal utgreiast for:</p> <p>Vassmiljø.</p> <p>Sårbart fugleliv.</p> <p>Naturtypar og økologiske funksjonsområde.</p> <p>Metode:</p> <p>Gjennomgang av eksisterande materiale og rapporter.</p> <p>Synfaring.</p> <p>Skrive en kvalitativ vurdering i planomtalen.</p> <p>Vurderingar av påverknad med utgangspunkt i metode frå handbok V712.</p>	<p>MOM-B og MOM-C undersøkingar knytt til oppdrettslokaliteten</p> <p>kart.naturbase.no</p> <p>okologiskegrunnkart.artsdatabanken.no</p> <p>www.artskart.artsdatabanken.no</p> <p>www.vann-nett.no</p> <p>kommuneplanar</p>
Naturressursar	<p>Naturressursar er ressursar frå jord, skog og andre utmarksareal, fiskebestandar i sjø og ferskvatn, vilt, vassførekomstar og</p>	<p>Tiltaket sin påverknad skal utgreiast for:</p> <p>Arealinngrep i jordbruk (fulldyrka, overflatedyrka, innmarksbeite).</p> <p>Jordvern/skogbruk.</p>	<p>Temaplan for landbruk i Hordaland 2018-2022</p> <p>www.kilden.nibio.no</p> <p>www.fylkesatlas.no (landbruk)</p>

	<p>georessursar (berggrunn og mineralar). Temaet omhandlar landbruk, fiske, havbruk, reindrift, vatn, berggrunn og lausmassar i eit ressursperspektiv.</p>	<p>Fiske.</p> <p>Vassuttak.</p> <p>Metode: Gjennomgang av eksisterande materiale og rapportar.</p> <p>Synfaring.</p> <p>Vurderingar av påverknad med utgangspunkt i metode frå handbok V712.</p>	<p>kart.naturbase.no</p> <p>kommuneplanar</p>
<p>Kulturminne og kulturmiljø</p>	<p>Materielle og immaterielle spor etter menneskeleg verksemd og aktivitet. Dei materielle spora etter menneskeleg verksemd/aktivitet er i fokus i form av kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap.</p>	<p>Vurderingar skal dekke både nyare tids kulturminne og automatisk freda kulturminne.</p> <p>Kjente kulturminne i, og i nærleik av, planområdet skal verte kartfesta og skildra.</p> <p>Det takast utgangspunkt i kjente registreringar og databasar, dette bør ved trong supplerast med synfaring.</p> <p>Potensialet for automatisk freda kulturminne må vurderast.</p> <p>Direkte og indirekte påverknad på kulturarv skal skildrast.</p> <p>Ein føreset at undersøkingsplikta som følgjer av kulturminnelova § 9 vert oppfylt i samband med reguleringsplanarbeidet.</p> <p>Vurderingar av påverknad med utgangspunkt i metode frå handbok V712.</p>	<p>Askeladden.ra.no eller kulturminnesok.no</p> <p>SEFRAK-registeret</p> <p>kommuneplanar</p> <p>Flyfoto – t.d. norgebilder.no</p>

7.4 Risiko og sårbarheit (ROS)

Som del av planen skal det verte utarbeidd ein ROS-analyse. Bømlo kommune sine akseptkriterium frå 2013 vert lagt til grunn. Bømlo kommune sin kommuneplan er under rulling, så det vert teke atterhald om endringar av kommunale føringar for ROS-analyse.

Sentrale tema for ROS-analyse i dette prosjektet vert vurdert å vera:

- Havnivå inkl. stormflo
- Flaum
- Trafikktryggleik
- Sjøtrafikk
- Forureining/utslepp, inkl. fiskerømming
- Støy
- Grunntilhøve
- Handtering av overvatn
- Branntryggleik

7.5 Andre tema for omtale i planomtalen

Det er ført opp nokre spesifikke tema nedanfor, men lista er ikkje uttømande.

7.5.1 Transport og trafikktryggleik – land og sjø

Vegløysing og belastning på eksisterande vegnett vert omtalt i planomtalen. ROS-analysen skal ta for seg moglege hendingar som kan førekome under og som følgje av transport.

Type køyretøy og frekvens både for land og sjø skal omtalast i planomtalen. Trafikktryggleik for mjuke trafikantar langs veg skal vurderast, og ev. tiltak skal skildrast og leggst inn i planforslaget.

Det er venta at det vert hyppigare anløp av brønnbåtar for frakt av fisk frå anlegget. Transport av fôr via sjø er òg aktuelt. Hyppigheit og varigheit på liggetid ved kai skal skildrast i planomtalen.

7.5.2 Forureining

Tema vert omtalt i planomtalen. Handtering av slam og fiskeavfall skal òg skildrast i planomtalen.

Utslepp frå oppdrettsanlegget er eit sentralt tema i søknad om konsesjon etter akvakulturlova. Det er venta at denne prosessen vert gåande parallelt med planprosessen. Kommunen får søknad om ny/endra konsesjon til uttale, men den skal handsamast av overordna mynde. I samband med konsesjonssøknaden vert det utført kartlegging av miljøstatus ved aktuelle utsleppspunkt i sjø. Vidare vil konsesjonssøknaden innehalde ein produksjonsplan som igjen dannar grunnlag for berekning av utsleppsmengder frå oppdrettsanlegget. Det vert stilt strenge krav til reinsing av vatn før utslepp til sjø.

7.5.3 Vatn- og avløp

Det er trong for både ferskvatn og sjøvatn i produksjonen. Ferskvatn vert teke frå Skålevikvatnet. Sjøleidning for sjøvassinntak og utslepp er aktuelt å føre på utsida av Kassosen. Løysing for sløkkjevatn må òg skildrast. Tema vert omtalt i planomtalen.

7.5.4 Kraftforsyning

Tilgang til straum og løysingar for kraftforsyning vert omtalt i planomtalen. Lokaliteten er plassert slik at han har/kan få forsyning frå både Fitjar kraftlag og Finnås kraft. Akvakulturlova regulerer krav til naudstraum.

8 Vedlegg

- Forslag til varslingsgrense 1:1500 (A2), dagsett 25.09.2020
- Referat frå oppstartsmøte med Bømlo kommune, dagsett 23.10.2020
- Planinitiativ for planarbeidet, dagsett 06.10.2020